

Ope møte i Slekt og Data Molde torsdag 5. april kl. 18.00

Frammøte: Ca. 35 historieinteresserte.

Leiar Eva Hjelen introduserte tema for kvelden:

Repetisjon av heimesida til Slekt og Data, Digitalarkivet og bruk av utklippsverktøy.

Sak 1. Heimesida til Slekt og Data

Brit Iren Nergård viste den nye heimesida til Slekt og Data sentralt, for Møre og Romsdal og for Molde og gav brukarretteleing for tilhøyrarane.

To andre nettressursar vart også presentert: RHDUiT- Registreringsentral for historiske data universitetet i Tromsø, der ein finn den digitaliserte utgåva av folketeljinga for 1875. Dessutan finn ein matrikkelen for 1886 der.

Genress- Geneologiske ressursar på nett. Lett å komme til Nasjonalbiblioteket, t.d.

Sak 2. Digitalarkivet

Eva Hjelen gjekk gjennom grunnbruken av Digitalarkivet. Tilrådde alle å opprette brukar, lage passord og logge seg inn, for då får ein tilgang til meir. Såg spesielt på emigrasjon i Digitalarkivet.

Sak 3. Bruk av utklippsverktøy.

Eva Hjelen forklarte korleis ein finn fram til denne funksjonen ved å gå via startside og finne «Saksa» der. Det kjem opp forklaringar på korleis den kan brukast for å klippe ut delar av kart t.d. og sette dei inn i dokument. Der er også ein merkepenn for å utheve delar av utklippet.

Sak 4. Eventuelt

Relusjonsskjøte. Jonny Lyngstad forklarte om denne spesielle skjøteformen som vart brukt av og til når kongen selde ut av krongodset.

Møtet slutt 20.35.

Ref. Annlaug Lianes